

Årsmelding for 2021

2021 var også eit år der pandemien har avgrensa aktiviteten vår.

Styret m.m.:

På årsmøtet 1. juni 2021 vart det gjort slike val:

- Styreleiar:** Per Arne Skomsø, ny for eitt år
- Styremedlemmer:** Per Einar Langseth, attval for to år
Liv Sølvi Morstøl Valde, ny for to år
Møyfrid Kavli Setnes, stod ikkje på val
Rolf Herman Bjerkeli, stod ikkje på val
- Varamedlemmer:** 1. Harald Krøvel, attval for eitt år
2. Leif Malones, attval for eitt år
3. Anders Einang, attval for eitt år
- Revisor:** Odd Ivar Røhmesmo, attval for eitt år
- Skriftnemnd:** Britt Iren Neergård, stod ikkje på val
Ottar Rydjord, stod ikkje på val
Edmund Søvik, ny for to år
Arne Johnson, ny for to år
Hans Petter Gjerdset, attval for to (eitt) år

Valkomitè for eitt år: Tørris Haugan, leiar. Eirik Hoem. Edmund Søvik og Ågot A. Orvik

Styre og organisasjon:

På styremøte 17. juni 2021 vart Rolf Herman Bjerkeli konstituert som nestleiar, Per Einar Langseth som skrivar og Møyfrid Kavli Setnes som økonomiansvarleg.

Styret hadde tre styremøter i meldingsåret.

Bygdeboknemnda:

Nemnda har hatt samarbeid med Arnfinn Kielland og forlaget Snøhetta, og tek sikte på at første bind kjem ut i 2023. Det bindet blir truleg for gamle Hen. Arvid Håkon Moe kom ved årsskiftet inn i Vestnes kommune, og vart erstatta av Bjørn Mære frå Måndalen. Medlemmer i bygdeboknemnda har lagt ned eit stort arbeid med td. transkribering og innhenting av data.

Kulturhistorisk vandring:

Søndag 22. august arrangerte historielaget ei slik vandring i Rødven, frå Laberget til kalkomnen på Ottestad, dette året i vakkert ver. Styreleiaren var omvisar, og 63 personar var med på vandringa, og dei fleste fekk seg ein kaffisup på Breidablikk etterpå.

Årbok 2021:

Også i år fekk vi ferdig ei årbok, med varierte og gode artiklar. Takk til alle bidragsytarar, og til skriftnemnda, der Britt Iren Nergård tok eit stort hovudansvar. På grunn av pandemiproblem i trykkingsprosessen kom boka seinare oss i hende enn før om åra. Det vart difor ikkje lanseringsarrangement, men boka fekk omtale i lokalavisa.

Medlemstal:

Ved årskiftet 293 medlemmer – ein liten nedgang frå året før.